



SUNNFJORD MILJØVERK IKS  
Einstølen Kloppstadvegen 310  
6815 FØRDE

Vår dato:  
28.06.2024

Vår ref:  
2019/3035

Dykkar dato:  
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

## Rapport etter tilsyn hos Sunnfjord Miljøverk IKS, Hesjedalen

Kontrollnummer: 2024.165.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 11. juni 2024 hos Sunnfjord Miljøverk IKS (organisasjonsnummer: 974 286 173).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har ikkje forsvarleg lagring av alt farleg avfall

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Sunnfjord Miljøverk IKS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 1. oktober 2024. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

#### Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Lagring av syrer og baser i nærleiken av kvarandre medfører høg risiko for samanblanding
- Merknad 2: Journalsystemet for avfall kan forbetraast

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.



## De må betale gebyr

Sunnfjord Miljøverk IKS må betale eit gebyr på 31 200,- kr for tilsynet.

## Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2019/3035.

## Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

### Avvik 1: Verksemda har ikkje forsvarleg lagring av alt farleg avfall

#### Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 1 bokstav d)
- Avfallsforskrifta § 11-5

#### Om krava

Lagring av farleg avfall skal skje under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

I avfallsforskrifta § 11-5 er det krav om at farleg avfall skal handterast på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for foreining eller skade på menneske eller dyr.

#### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Utanfor lager for farleg avfall- er det fleire dreneringssluk som går til terreng/resipient. SUM har lager av absorpsjonsmiddel, og membranar for tetting av sluk i nærleiken. Absorpssjonsmiddel er likevel lite eigna for anna søl/uhell enn oljehaldig avfall. Flytande farleg avfall er lagra i kort avstand frå sluka og golvet har avrenning mot desse sluka. Ved eit uhell/søl vil det under mange forhold ikkje vere tid til å stenge, avgrense utslepp før dei når sluka ukontrollert.

Samletønne for olje frå småbehaldarar/oljefilter står i verkstadhall rett over drenering til oljeutskiljar. Det generelle kravet til lager for farleg avfall er å sikre mot avrenning, og oljeutskiljar kan ikkje nyttast som reinseanlegg for søl frå tapping/mottak av oljehaldig farleg avfall.

### Merknad 1: Lagring av syrer og baser i nærleiken av kvarandre kan medføre risiko for samanblanding

#### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Avfall som kan reagere med kvarandre er ikkje lagra i god nok avstand. Døme er mottaksbehaldarar for syre- og base-avfall står ved sidan av kvarandre både i mottakshall og i lager.

### Merknad 2: Journalsystemet for avfall kan forbetraast

#### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Journalsystemet har manglar. Det er ikkje enkelt å følgje opp kva tid farleg avfall har kome inn, og verksemda har ingen samla oversikt over alt motteke farleg avfall. Det vil vere utfordrande for



verksemda å ha oversikt over total mengd samtidig lagra farleg avfall og kor lenge det eldste avfallet har vore lagra.

Verksemda meiner sjølv at enkelte typar farleg avfall som kjem inn i små mengde, som t.d. herdalar, kan kome til å verte liggande i meir enn 12 månader. Dersom/når dette skjer må forholdet registrerast som eit avvik for ytre miljø og avvikshandterast for å unngå gjentaking. Statsforvaltaren har likevel merkt seg at verksemda ikkje meiner å ha avfall som er eldre enn frå 2023 på lager.

### Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Sunnfjord Miljøverk IKS må betale eit gebyr på 31 200,- kr for tilsynet. Dette svarar til sats gebrysats 2 for tilsyn av inntil en dags varighet og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 11. juni 2024 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjenvæst skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet vart gjennomført som ein del av den nasjonale tilsynsaksjonen retta mot anlegg som tek imot og mellomlagrar farleg avfall. Aksjonen er ei oppfølging av tidlegare tilsvarande aksjonar, sist i 2018. Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Åsmund Skancke Karlsnes
- Gøsta Hagenlund

Kontaktperson hjå verksemda:

- Kjell Bu

### Anlegg

Følgjande anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- SUM Hesjedalen - farleg avfall og kompostplass



## Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- mottakskontroll av avfall
- lagring og merking av farleg avfall
- vidarelevering av farleg avfall
- utslepp til vatn
- internkontroll, inkl. risikovurdering og avviksbehandling

## Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

## Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- eigenkontrollrapportar
- avfallsdeklarering

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

Vi merkte oss at det no er konkrete planar for oppsetting av bygg for lagring, behandling av impregnert trevirke. Vi viser til rapport frå inspeksjon datert 17. november 2022 og seinare kommunikasjon, for vidare kontakt mellom Statsforvaltaren og SUM.

Verksemda har ikkje direkte eksport av farleg avfall til utlandet. SUM har avtale med firma som eksporterer CCA-impregnert avfall til Sverige, og verksemda må sikre at den andre verksemda har all nødvendig dokumentasjon for slik eksport.

### De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Mari Katrine Berg-Arnesen  
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*